



ELISABETH MATHESON Skodespelar, dramatikar, regissør.

(Foto: Bernt Kulset)

Født 1967 på Stjørdal. Statens Teaterhøgskole, skodespelarlinja 1988-91.

Etter teaterskulen vart Elisabeth i 1991 tilsett på **Den Nationale Scene** i Bergen der ho spelte store roller m.a. som Fie i "Hellemyrsfolket". Frå 1993 - 2011 var ho fast tilsett ved **Det Norske Teatret**, der ho spelte bærande roller i ei rekke oppsettingar og var engasjert i Kunstnarleg Råd. Ho har erfaring som filmskodespelar frå ei lang rekke TV-produksjonar, og er mest kjent som Kristin i Liv Ullmans "**Kristin Lavransdatter**" frå 1994. Ho har gjesta ved **Trøndelag Teater** som Ofelia i "Hamlet" og på **Riksteatret** med kritikarroste tolkingar av Johan Falkberget og Olav Duun sine karakterar. Ho har tolka mange klassiske roller i teaterdramatikken, særleg Shakespeare og Tsjechov, spelt i komediar, musikaler og historiske spel. Ho har samarbeidd med ei lang rekke musikarar i sine mange lyrikkprogram, opplesingar og monologar. Ho held foredrag, underviser, skriv manus og regisserer. Ho har produsert fleire av sine prosjekt sjølv. I 2011 flytta ho frå Oslo til Trøndelag, og starta som sjølvstendig næringsdrivande innan teater og film, med hovudvekt på manus og regi.

Film: manus og regi:

"**Rumpa**", - ein kortfilm for ungdom. Regissør. Manus med Nina Elisabeth Grøntvedt. Produsent: Bente Maalen Blaane. Støtta av Midt-Norsk Filmsenter. "Rumpa" var åpningsfilm på Minimalen Kortfilmfestival 21. januar 2020.

"**Snømørkt**" – videoinstallasjon for 8 lerret, Olavsfestdagene i Trondheim, 2013.

I utveking: "Domen": eit TV-serie-manus Elisabeth utviklar saman med to svenske forfattarar: Stina Bergman og Åsa Björklund. Prosjektet er støtta av Manusfabriken og Lindholmen Film og TV i Gøteborg. "**XU-to ukjente**": Ein fiksjonsfilm om to søstre som arbeider i etterretningsgruppa XU i Trondheim under unntakstilstanden i 1942.

Manus: Elisabeth Matheson. Produsent: Spætt Film. Regissør: Marit Moum Aune. Prosjektet er støtta av Norsk Filminstitutt, Filminvest Midt-Norge, Midt-Norsk Filmsenter og Forsvarsdepartementet. Deltakar i Midt-Norsk Filmsenters talentutviklingsprogram "**Bergmans metode**", 2013-2014, der ho skreiv novellefilm-manuset "**Vennligst ikke rør**".

Teater: manus og regi.

"**Stjernestøv**". Jazzåteatret, Sunndalsøra, 2018. Nyskriven musikal om gullrushet til Klondike.

"**Karolinerstelet**". Elisabeth skreiv nytt manus til Karolinerstelet i 2017, spelte den kvinnelege hovudrolla i 2018 og 2019, regiassistent for instruktør Catrine Telle. "**Tonje Glimmerdal**", Nord Trøndelag Teater, 2014.

Skodepel/dukkespel. "**Snømørkt**", om familien Morset sin motstandskamp under 2. verdskrigen. Kirkerom. 2013. Samproduksjon med Selbu Teaterforum. "**Dobbelsats og freske fraspark**", etter Kjell Aukrust. 2011. Selbu/Trondheim,./ Olavsfestdagene. "**Fossefall**", om Edvard Griegs liv. 2007. Utescene. Selbu. "**I Kristin Lavransdatters fotspor**". Kirketurné. 2003. Austlandet/Trøndelag. "**Fred**", inspirert av Garborg sin roman med same navn. 2001. Bryne/Sandnes/Oslo.